



## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 22.10.2020  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Formannskapsmøtet går over to dagar, med hovudvekt på budsjett og økonomiplan.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
032/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/2020	Godkjenning av møteprotokoll
034/2020	Orienteringssaker
035/2020	Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø - Modalen kommune
036/2020	Kommunal planstrategi 2020 - 2023
037/2020	Økonomirapportering pr 2. tertial 2020

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/347

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 032/2020

### FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

### FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/347

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
033/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

## Godkjenning av møteprotokoll

### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

### Saksopplysningar:

## Formannskapet - 033/2020

### FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

### FOR - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 08.09.2020

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/347

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 034/2020

#### FOR - behandling:

Leiarane informerte om si eining, og om endra føresetnadar som legg til grunn for deira budsjettframlegg for neste år.

Økonomisjef orienterte om om dei økonomiske føresetnadane for neste års budsjett, og for den kommande økonomiplanen. Det mest vesentlege her er dei nye prognosane frå BKK som viser ein nedgang i eigedomsskatt i åra framover samanlikna med forrige års prognose. Dette vert innarbeida i administrasjonen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan, som vert sak på neste formannskapsmøte. På noverande tidspunkt må administrasjonen saldere om lag 1 - 1,5 mill kr i budsjettframlegget i høve dei innkomne budsettframlegga frå einingane. Formannskapet bed om at tenestetilbodet til born, ungdom og eldre vert prioritert å behalde når ein skal sjå etter moglege område å saldere budsjettet.

Ordførar orienterte om desse sakene:

-Rådmann og ordførar har hatt møte med Invest in Bergen i samband med kartlegging av moglege datasenter i Modalen. Modalen kraftlag var med på møtet, og er ein sannsynleg samarbeidspartnar dersom dette vert aktuelt å arbeide vidare med. Aktuelle lokasjonar i Modalen er Hellandsfossen og Steinsland. Invest in Bergen kjem på kommunestyremøtet 5. nov for å informere om saka.

Modalen kraftlag vert og med på dette møtet.

- Ordførar orienterte om status på saka om pasientreiser. Det er framleis ingen avtale i vårt distrikt, og Helse Bergen skal lyse ut nytt anbod. Inntil vidare må innbyggjarar sjølve kreve refusjon for taxiutlegg.

- Ordførar låg fram forslag om at eigarstyring vert eit tema for neste bolk med folkevaldprgrammet, som kjem våren 2021.

- Ordførar informerte om at formannskapsmøtet 24. nov kolliderer med samlinga "Staten møter kommunane" som fylkesmannen i Vestland arrangerer. Formannskapet slutta seg til å flytte fomannskapsmøtet til 26. nov.

Varaordførar Ann-Jorunn Farestveit stilte spørsmål om status på avtalen om veternerinærvakt på dagtid. Rådmannen svara at han skulle undersøke saka og kome tilbake med meir informasjon

#### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Tone Selmer Skuggevik	FA-M09	20/96

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
035/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

## Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø - Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

1. Modalen formannskap vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentlig ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.
3. Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

### Saksopplysningar:

Gjeldande VA-planar for Modalen kommune er frå 1997 og er såleis av eldre dato. Det er behov for å revidere målsetjingar, oppdatere status for VA-systemet og planleggje naudsynte tiltak.

Det skal utarbeidast ein felles plan for områda vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planen skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar.

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan og skal vera i samsvar med gjeldande kommuneplan for Modalen, samt krav i sentralt og lokalt regelverk og føringar.

Hovudfokus for vassforsyninga er å legge til rette for gode og framtidsetta løysingar for å kunne levere nok og godt vatn til ei kvar tid til alle abonnentane, samt sløkkevatn ved brann.

Hovudfokus for avlaup og vassmiljø er å legge til rette for gode og framtidsetta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avlaupsvatn frå alle abonnentane. Vidare skal ein ha fokus på arbeid etter vassforskrifta, der ein har mål om å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.



Det er sett ned ei arbeidsgruppe for planarbeidet. Arbeidsgruppa skal møtast jamleg i arbeidet, og skal leggje fram forslag til saker til rådmannen som tek det vidare til planutvalet (Formannskapet) og til politisk handsaming.

Arbeidsgruppa er samansett som følgjer:

- Teknisk sjef - Tone Selmer Skuggevik
- VA-konsulent i kommunen - Kjell Langeland
- Rådgjevar/sekretær Johan M. Hansen og Ingrid Vatne frå Norconsult for utarbeiding av planen.

Andre aktørar, til dømes kommunelege kallast inn når det er relevant. Norconsult er rådgjevar/sekretær for arbeidet og gir fagleg og administrativ bistand undervegs i prosessen.

### **Konklusjon**

Rådmannen vil tilrå at formannskapet vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.

### **Formannskapet - 035/2020**

#### **FOR - behandling:**

Ingrid Vatne frå Norconsult informerte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

1. Modalen formannskap vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.
3. Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

#### **Vedlegg:**

Planprogram vassmiljø

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-140	19/198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

## Kommunal planstrategi 2020 - 2023

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune legg kommunal planstrategi 2020 – 2023 ut på høyring i 30 dagar før endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. Framlegget vert i tillegg sendt til omliggande kommunar og regionale og statlege mynde for innspel.

### Saksopplysningar:

Førmålet med kommunal planstrategi er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som ein tidligere fann i plan- og bygningslova.

Planstrategien er eit grunnlag for å beslutte kva planbehov Modalen kommune har, samt ynskjer å prioritere for kommande kommunestyreperiode.

### Bakgrunn

Prosessen fram til kommunal planstrategi som her ligg føre har gått føre seg sidan hausten 2019 då avgående kommunestyre evaluerte gjeldande kommuneplan og om det var forhold som tilsa behov for revidering/ny kommunal planstrategi. Dette var innspel som nytt kommunestyre kunne ta med seg i si vurdering i arbeidet med planstrategi.

Det vart i tillegg gjennomført ei administrativ evaluering kor rådmannen konkluderte med at gjeldande kommuneplan burde vidareførast utan endringar.

Det vart gjennomført eit arbeidsmøte i planutvalet (formannskapet) 8. september 2020. Rådmannen si leiargruppa drøfta og gav sine siste innspel i leiarmøte 14.10.20.

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at det har gått føre seg ein god og omfattande prosess med å kome fram til framlegget som her ligg føre.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at framlegg til kommunal planstrategi 2020 – 2023 vert lagt ut på høyring i 30 dagar og med endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. I tillegg skal framlegget sendast til omliggande kommunar og statlege og regionale mynde for innspel.

### **Formannskapet - 036/2020**

#### **FOR - behandling:**

Ordførar fremma forslag om tilleggspunkt til rådmannens framlegg til vedtak: Formannskapet bed om at revisjon av kommunen sin miljøplan - klima og energi frå 2010 vert lagt inn i planstrategien i 2022.

Framlegg til vedtak med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

#### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune legg kommunal planstrategi 2020 – 2023 ut på høyring i 30 dagar før endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. Framlegget vert i tillegg sendt til omliggande kommunar og regionale og statlege mynde for innspel.**

**Formannskapet bed om at revisjon av kommunen sin miljøplan - klima og energi frå 2010 vert lagt inn inn i planstrategien i 2022.**

#### **Vedlegg:**

Kommunal planstrategi 2020 - 2023 - til FORM 15.10.20

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Magne Verpelstad	FE-210	20/166

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
037/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020
	Kommunestyret	PS	

## Økonomirapportering pr 2. tertial 2020

### Forslag til vedtak:

Rapport om økonomistoda vert teken til orientering.

Løyvingane i driftsbudsjettet for 2020 vert justert i tråd med tabellen i saksframlegget:  
**Budsjettjustering drift 2020**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Økonomirapporten pr 2. tertial er rådmannen sin andre tilbakemelding til kommunestyret om økonomistoda i 2020. Minimum 2 gonger i året skal det fremjast eigne saker til kommunestyret om den økonomiske stoda i kommunen (tertiarapportar).

Denne rapporten tek for seg økonomien i drifta, status og utfordringar, sjukefråvær, status for småinvesteringar og investeringar, samt status for finansområdet.

#### Vurdering

#### Drift

Sjå oversikta Økonomisk oversikt – drift under. Rapporten syner grupperte inntekter, grupperte utgifter og brutto driftsresultat som resultat, altså driftsinntekt minus driftsutgift pr 31.08.

	2020	2020	2020	2019
<b>Økonomisk oversikt - drift</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Justert budsjet</b>	<b>Oppr.budsj</b>	<b>Rekneskap</b>
	<b>Per. 1-8</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>	<b>Per. 1-8</b>
<b>Driftsinntekt</b>				
Rammetilskot	14 047 534	23 200 000	23 200 000	11 997 812
Inntekts- og formuesskatt	22 677 132	9 000 000	9 000 000	21 823 620
Eigedomsskatt	11 184 407	22 100 000	22 100 000	9 064 200
Anna skatteinntekt	0	21 700 000	21 700 000	0
Anna overføring og tilskot frå staten	288 000	723 000	723 000	442 000
Overføring og tilskot frå andre	7 701 652	14 496 158	14 496 158	7 808 188
Brukarbetaling	1 226 044	1 980 000	1 980 000	1 396 105
Sals- og leigeinntekt	2 090 106	5 732 200	5 732 200	4 465 507
<b>Sum driftsinntekt</b>	<b>59 214 875</b>	<b>98 931 358</b>	<b>98 931 358</b>	<b>56 997 432</b>
<b>Driftsutgift</b>				
Lønsutgift	28 788 454	44 949 033	44 949 033	27 805 488
Sosial utgift	8 315 097	12 028 189	12 028 189	8 193 716
Kjøp av varer og tenester	18 866 180	29 435 148	29 435 148	19 275 334
Overføring og tilskot frå andre	4 990 610	7 682 064	7 682 064	4 205 397
Avskrivning	0	6 625 600	6 625 600	0
<b>Sum driftsutgift</b>	<b>60 960 341</b>	<b>100 720 034</b>	<b>100 720 034</b>	<b>59 479 935</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 745 466</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-2 482 504</b>

### Samla driftsinntekt pr 31.08.20: Kr 59 214 875

Samla driftsinntekt 2. tertial 2020 er 3,9 % over 2. tertial 2019 som var på kr 56 997 432.

(Samla driftsinntekt 1. tertial 2020 var 10 % over 1. tertial 2019 som var på kr 33 968 485.)

Heilårsbudsjettet for driftsinntekt 2020 ligg kun 1,06 % over rekneskapsført heilårsinntekt 2019.

Me ser at inntekt pr 2. Tertial 2020 i høve til 2019 er lågare enn tilsvarande pr 1. Tertial. Inntektsutviklinga ut over I året har altså vore dårlegare I 2020 enn 2019. Men 3,9 % over inntekta pr 31.8 2019 er framleis høgare enn heilårsbudsjett 2020 i høve til heilårsinntekt 2019 som var 1,06 %.

Det er venta inntektssvikt på posten Sals- og leigeinntekt som gjeld sal av konsesjonskraft. Sjå kommentar under tekstdelen til Rådmannen/sentraladm. Det er òg venta inntektssvikt på posten Overføring og tilskot frå andre, som gjeld refusjon/deling av utgifter innan Pleie og omsorg/heimebaserte tenester med Alver kommune. Sjå kommentar under tekstdelen til Pleie og omsorg.

Det vil verte noko meirinntekt knytt til skatt/rammetilskot samt eigedomsskat. Kompensasjon for Koronautgift er ein vesentleg faktor der. Sjå òg kommentar til Sentrale inntektspostar lenger nede i rapporten.

### **Samla driftsutgift pr 31.08.20: Kr 60 960 341**

Samla driftsutgift 2. tertial 2020 er 2,5 % over 2. tertial 2019 som var på kr 59 479 935.

Samla driftsutgift 1. tertial 2020 var 2 % over 1. tertial 2019 som var på kr 32 832 904.

Heilårsbudsjettet 2020 ligg 0,47 % over heilårsutgiften 2020.

Det var høg utgift på tilskot til andre i fjor, særleg grunna eit høgt tilskot til landbruk. Korrigerer me for tilskot til andre, ligg heilårsbudsjettet 3,5 % over heilårsutgiften 2019.

Me ser ein stigande tendens på utgiftssida, og me kan vente at heilårsutgiften vil ligge over heilårsbudsjettet når året er omme. Dette kan dempast ved tiltak mot slutten av året.

## **Korona**

Modalen kommune har ført ekstra utgift knytt til Korona på eige prosjektnummer. Det presiserast at det er ekstra utgifter som vert registrert, altså utgifter me ikkje ville hatt dersom det ikkje var Korona-pandemi. Til dømes er det slik at lønsutgift til personale som har hatt arbeidsoppgåver relatert til Korona-utbrotet ikkje er inkludert i tala, dersom dette er personale me likevel ville hatt, og betalt løn til, uavhengig av Korona-utbrotet.

### **Samla driftsutgift knytt til Korona pr 31.08.20: Kr 937 349 etter frådrag for mva-kompensasjon.**

Totalt er det pr 14.10 rekneskapsført samla utgift på kr 1 137 058 etter frådrag for mva-kompensasjon.

I tillegg til dette kjem tapt inntekt for barnehage/SFO og Bryggjeslottet på samla rundt kr 200 000, samt auka kostnad til tiltak innan Pleie og omsorg/heimebaserte tenester som utgjer omlag kr 1 million.

Kjent inntekt relatert til Korona 2020:            Kr 953 000 (Rammetilskot/skjønstilskot)

Kjent, samla utgiftsauke/inntektstap utgjer såleis førebels om lag kr 1,4 millionar, og pågår framleis.

I brev frå Fylkesmannen i samband med statsbudsjettet er det sagt at det er lagt opp til ei ny vurdering av dei økonomiske konsekvensane etter virusutbrotet for kommunane i nysalderinga av 2020-budsjettet i november. Staten har uttalt at kommunane skal verte kompensert for utgiftene knytt til Korona. Me legg såleis til grunn at alle meirutgifter vert kompensert.

## Løyvingar til drifta. Status og prognosar.

Løyvingsoversyn - drift	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Prognose
	2019	2020	2020	2020
Rammetilskudd	20 329 260	14 047 534	23 200 000	24 900 000
Inntekts- og formueskatt	11 513 386	22 677 132	9 000 000	9 300 000
Eiendomsskatt	18 128 400	11 184 407	22 100 000	22 368 000
Andre generelle driftsinntekter	22 699 569	288 000	22 423 000	22 376 000
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>72 670 615</b>	<b>48 197 073</b>	<b>76 723 000</b>	<b>78 944 000</b>
Sum løyving drift, netto	68 227 800	49 928 683	71 886 076	74 947 000
Avskrivninger	6 792 515	0	6 625 600	6 131 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>75 020 315</b>	<b>49 928 683</b>	<b>78 511 676</b>	<b>81 078 000</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-2 349 700</b>	<b>-1 731 610</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-2 134 000</b>
Renteinntekter	498 031	170 289	271 300	300 000
Utbytter	0	3 540	0	
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	177 978	0	200 000	130 000
Renteutgifter	474 922	285 593	600 200	450 000
Avdrag på lån	1 000 000	440 290	1 000 000	880 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-798 913</b>	<b>-552 054</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-900 000</b>
Motpost avskrivninger	6 792 515		6 625 600	6 131 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 643 902</b>	<b>-2 283 664</b>	<b>3 708 024</b>	<b>3 097 000</b>
<b>Disp/dekning av netto driftsres.</b>				
Overføring til investering	0		0	
Netto avs til/bruk av bundne driftsfond	-307 879	1 191 074	431 800	431 800
Netto avs til/bruk av disposisjonsfond	-2 425 825	1 628 721	-4 139 824	-3 528 800
Dekning av tidlegare års merforbruk	0		0	
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	0			
<b>Sum disp/dekn av netto driftsres.</b>	<b>-2 733 704</b>	<b>2 819 795</b>	<b>-3 708 024</b>	<b>-3 097 000</b>
Fremført til innekn senere år (merforbr)			0	
<b>Meir-/mindreforbruk</b>	<b>910 198</b>	<b>536 131</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	2019	2020	2020	2020
	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Prognose
Rådmann/sentraladm	12 214 494	11 099 656	14 665 624	15 755 624
Næring	3 566 485	1 540 102	3 265 647	3 265 647
Kultur	1 872 794	904 079	2 573 888	2 018 888
Sosial og barnevern	1 193 894	721 157	1 370 400	1 290 400
Skule	11 662 705	7 907 347	11 852 337	11 532 337
Barnehage	4 705 236	3 154 971	4 933 816	4 508 816
Pleie og omsorg	17 758 361	13 909 007	16 272 726	18 847 726
Kommunelege	5 436 732	3 664 848	6 177 363	5 787 363
Teknisk etat	14 658 415	9 611 136	15 591 275	15 291 275
Småinvesteringar		58 626	990 000	490 000
Sentrale postar	-4 841 317	-2 642 247	-5 807 000	-3 841 000
Innsparing pensjon				
<b>Sum løyving drift, netto</b>	<b>68 227 799</b>	<b>49 928 682</b>	<b>71 886 076</b>	<b>74 947 076</b>

## Status for budsjettområda:

### Rådmannen/sentraladministrasjonen

#### Rekneskapsstatus pr 31.aug:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31.aug	Heilår	i %
11 099 656	14 665 624	75,7 %

#### Status/utfordringar/kort om drifta:

- Inntekt frå konsesjonskraft gjennom avtalen med fylkeskommunen blir betydeleg lågare enn budsjettert grunna dei låge kraftprisane fram til no i 2020. Vanskeleg å konkludere endeleg resultat, men kan sannsynleg ende med kr 0 i inntekt i 2020, som er ca 1,5 mill i mindreinntekt i høve budsjett. Stort avvik i høve 2019, der inntektene for sal av same mengde kraft enda med om lag 1,8 mill i inntekt.
- utgiftspostar er i tråd med budsjett (66%).

Kommunekassen har utgift over budsjettet, med venta negativt avvik på om lag kr 135 000. Dette er knytta til forsikring, fastløn, Nordhordland kemnerkontor, men det er òg diverse mindre innsparingar på ulike postar som reduserer avviket. Meirinntekt i rammetilskotet knytt til utsett overføring av kemnerverksemda til staten er kr 159 000.

IKT drift er om lag i tråd med budsjett (66 %)

Kundetorget har utgift som ligg litt under budsjett (59 %)



### Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
11 099 656	14 665 624	15 755 000

Ansvar 1000 - rådmannen:

Inntekter frå konsesjonskraft gjennom avtalen med fylkeskommunen blir betydeleg lågare enn budsjettert grunna dei låge kraftprisane fram til no i 2020. For dei fleste månadane i 2020 har salsprisen vore lågare enn kjøpsprisen for kommunen. Pr 31. aug 2020 er status på posten om lag - 100 000 kr(utgift), mot budsjettert 1 000 000 kr(inntekt) på dette tidspunktet.

Dersom kraftprisane fram mot nyttår stig litt, vil inntektene på denne posten ta seg opp, men vil sannsynleg ende med ca 1,5 mill i mindreinntekt i høve budsjett. Det går mot eit stort avvik i høve 2019, der inntektene for sal av same mengde kraft enda med om lag 1,8 mill i inntekt.

Ansvar 1200 – kommunekassen

Stipulert negativt avvik 135 000 kr, knytta til forsikring, fastløn, Nhl kemner, men har òg diverse mindre innsparingar på ulike postar som reduserer avviket. Meirinntekt i rammetilskotet knytt til utsett overføring av kemnerverksemda til staten er kr 159 000.

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile området Rådmannen/sentraladministrasjon så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

### Sjukefråvær:

Sjukefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen pr 2. kvartal 2020 : 1,8 %

## Kultur

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. august	Heilår	i %
904 079	2 573 888	35,1 %

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Bryggjeslottet opna med restriksjonar og smitteverntiltak 22.06.20. Administrasjon har kvalitetssikra årskort for brukarar i forhold til fakturagrunnlaget.

Kultur har avlyst alle sine arrangement frå mars mnd. og ut året i grunna korona pandemien.

Biblioteket har utvida opningstida utan bemanning. Det vart opna med restriksjonar og smitteverntiltak 29.04.20

Stillinga som ungdomskoordinator har vore ledig sidan mars mnd. Arbeid med tilsetjing pågår.

Inntekta til kulturområdet vert redusert i tida med pandemien.

### **Prognose:**

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Prognose</b>
<b>pr 31. august</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>
904 079	2 574 000	2 018 000

Låg utgift pr. 31. august skuldast avlyste kulturarrangement.

Det er omdisponert noko midlar til naudsynte oppgraderingar.

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile Kulturområdet så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

### **Sjukefråvær:**

Totalt sjukefråvær i perioden er 7,9 % , fråværet gjev store utslag då det er få tilsette innafør eininga.

Ingen langtidssjukemelde i slutten av perioden, og ingen tiltak knytt til sjukefråværet.

## Næring

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap pr 31. august	Budsjett Heilår	Forbruk i %
1 540 102	3 265 000	47,2 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Forventar utvikling i tråd med budsjett. Uvisse knytt til evt. nye søknadar til næringsfondet (tilskot/lån) og storleikar på desse. Ekstra kostnadar til koronarelaterte tiltak som t.d. karantenerom på Mobryggja. Mindreforbruk knytt til konsulentkjøp på kr 300 000. Ekstrainntekt på kr 240 000 refusjon frå Osterfjor næringssamarbeid.

Samla: under budsjett.

Forventning ut året: i tråd med budsjett.

### Prognose:

Rekneskap pr 31. august	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
1 540 102	3 265 000	3 265 000

Ventar ikkje avvik.

### Sjuefråvær:

Inkludert I samla oversyn for Rådmannen/sentraladm.

## Sosial og barnevern

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap pr 31. august	Budsjett Heilår	Forbruk i %
721 157	1 370 400	52,6 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgift i tråd med, eller litt under, venta utvikling. Noko uvisse knytt til samla avrekning for NAV Fensfjorden då me har noko avgrensa erfaringsgrunnlag (tidlegare år med utvikling over tid år), i tillegg til at det i år vil kunne komme uforutsette kostnadar som er koronarelatert (sosialutbetalingar – innbyggjarrettar). Faktura for barnevern 2. halvdel av 2020 vil òg verke inn.

Samla forventning ut året: i tråd med budsjett.

### Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. august	Heilår	Heilår
721 157	1 370 400	1 290 400

Ventar ikkje vesentlege avvik.

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp og utgifter innan heile området Sosial og barnevern så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

### Sjukefråvær:

Budsjettområdet har ingen tilsette som det vert ført sjukefråversoversikt over.

## **Mo skule**

**(Grunnskule, sfo, vaksenopplæring, kulturskule)**

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. august	Heilår	i %
7 907 347	11 852 337	66,7 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Avdelinga ligg nokolunde i balanse i høve budsjett. Det er noko mangelfullt på refusjonar frå Staten, dette gjeld midlar til norskopplæring for flyktingar. Det vart gjeve tilbod til denne gruppa i vårhalvåret, men er enno ikkje kome inn refusjonar for dette.

### Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. august	Heilår	Heilår
7 907 347	11 852 337	11 532 000

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile Mo skule så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

### Sjukefråvær:

Mo skule har hatt eit samla sjukefråvær dei fyrste 6 månadane på 4,8 %. Andre kvartal er me nede på 1,7 %. Den tida skulen var fysisk stengt ned var det svært få tilsette som var sjukmelde.

Tilsette med langtidssjukmelding vert fylgd opp i samarbeid med lege og NAV.

Det meste av korttidsfråværet no er relatert til Korona, tilsette som ventar på testresultat enten for seg sjølve eller eigne born. Det er venta at korttidsfråværet vert noko høgt utover hausten grunna dette.

## **Modalen barnehage**

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. august	Heilår	i %
3 154 971	4 933 816	63,9 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Ligg noko høgt på fastløn. Årsaka er inntak av nye barn, behov for auke i bemanning for å dekke inn spesialpedagogisk hjelp og auke i bemanning grunna koronasituasjonen. Trur likevel at ein vil styre budsjettet i balanse om ein ser heile budsjettet samla. Tal barn er 27 og tal plassar er 36. Kan venta å få om lag kr 100 000 i meirinntekt, refusjon frå andre kommunar. Me har fått inn om lag kr 100 000 meir i sjukelønsrefusjon enn det ein har nytta til sjukevikarar.

### **Koronasituasjonen:**

Auka korttidsfråvær blant dei tilsette grunna koronasituasjonen, tilsette er heime ved sjukdomsteikn og må sitte heime og venta på prøvesvar etter testing eller til dei er på betringens veg. Der ein før hadde komme på jobb når ein har milde symptom på forkjøling, ser ein no at tilsette i større grad vert heime. Dette har ført til eit pressa vikarbehov og lite vikarar å ta av. Stort press på dei tilsette og lite fleksibilitet grunna smittevernsreglar til å samarbeide på tvers av avdelingar.

Vaksdal kommune har bede Modalen barnehage om talet på barn frå Vaksdal kommune som nyttar plass i Modalen kommune. Administrasjonen i Vaksdal kommune skal setje opp ei politisk sak i høve til å opne barnehage på Bergo for barn busett i Eksingedalen. Om dei finn ut at dei ynskjer dette, må alle barna busett i Eksingedalen nytta plass på Bergo frå hausten 2021.

### **Prognose:**

<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Prognose</b>
<b>pr 31. august</b>	<b>Heilår</b>	<b>Heilår</b>
3 154 971	4 933 816	4 508 000

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile området Rådmannen/sentraladministrasjon så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

### **Sjukefråvær:**

Sjukefråværsprosent pr 2. kvartal (30. juni): 14,9 %

Utgiftene til sjukevikar er høgt. Har to tilsette som er langtidssjukemeldte grunna operasjon som ein må ha inn vikar for. Alle sjukemeldte vert fulgt opp. Har fått meir sjukelønsrefusjon i høve til det som er budsjettet

### **Koronasituasjonen:**

Auka korttidsfråvær blant dei tilsette grunna koronasituasjonen, tilsette er heime ved sjukdomsteikn og må sitte heime og venta på prøvesvar etter testing eller til dei er på betringens veg. Der ein før hadde komme på jobb når ein har milde symptom på forkjøling, ser ein no at tilsette i større grad vert heime. Dette har ført til eit pressa vikarbehov og lite vikarar å ta av. Stort press på dei tilsette og lite fleksibilitet grunna smittevernsreglar til å samarbeide på tvers av avdelingar.

## Pleie- og omsorg

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap pr 31. august	Budsjett Heilår	Forbruk i %
13 909 007	16 272 726	85,5 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Det har vore innleige av 2 sjukepleievikarar frå vikarbyrå i rammeavtale gjennom heile perioden inklusiv sommaravvikling grunna langtidsfråvær og 2 ledige sjukepleiestillingar frå februar og mai månad.

Utlyst 2 sjukepleiestillingar x fleire gjennom året utan å lukkas å få søkjarar til stillingane. Ved ikkje å få tilsett sjukepleiar for drifta og evt ikkje lenger få levert vikarar kan me ikkje levere fagleg forsvarlege tenester. Førabels er me ikkje der, og det vert arbeidd med alternative løysingar for å få rekruttert sjukepleiarar til pleie- og omsorg.

Me har og vakante stillingar ut frå at me ikkje har fått på plass ny grunnturnus i år som planlagt. Frå 01.09.20 vil alle tilsette få utbetalt 100 % overtid utover 35.5 timars veke. Dette vil utgjere om lag kr 450 000.

Det er bestilt 2 sjukepleievikarar frå byrå me har rammeavtale med ut 2020, som vil påverke kostnader som ikkje er lagt inn i budsjettet. Totalt ca 2 millionar i lønnsutgifter for å ha forsvarleg drift.

Innleige 2 sjukepleievikarar frå privat vikarbyrå frå medio mai- august ut frå at me ikkje fekk levert vikarar til sommaravvikling frå vikarbyrå me har rammeavtale med. (Ca 850 000 i utgifter)

Behovet for sjukepleiekompetanse har auka siste år ut frå at me har fått stor auke i talet på brukarar, og auke i vedtakstimar for heimebaserte tenester. Det vert ein tilflytting frå nabokommune med brukar som òg treng heimebaserte tenester frå oktober. Såleis er 1 stilling tildelt i heimebaserte teneste dagleg, då me tidlegare kunne kombinere denne stillinga med institusjon. Ut frå oppgåver som fylgjer med lovpålagte heimebaserte tenester, ser ein at 1 sjukepleiestilling dagleg vil gå med til denne drifta framover. Det kan òg verte auke på kveld/natt i denne tenesta. Auke i teneste til psykiatri på kveld, helg og høgtid har auka i omfang. Auka opp til 3 personale på kveld frå medio juni månad ut frå auke i heimebaserte tenester på ettermiddag/kveld.

Det vert ei meirutgift/mindreinntekt innan heimebaserte tenester der Modalen kommune må dekke meir enn budsjettet for 2020. Dette knyt seg til koronapandemi, og det vert lagt til grunn at staten dekker meirutgifta/mindreinntekta.

Det har vore ekstrautgifter i høve koronapandem til forbruksmateriell og utstyr. Me må òg investere i meir utstyr for å ha lager for 2021, då kommunane er pålagt å ha eige lager for 8 mnd.

På institusjon har ein hatt mellom 6-8 brukarar gjennom perioden, som lagt inn i budsjett.

I tillegg har det vore auke i korttidsplassar. Tilflytting av brukar til institusjon frå oktober, vil kunne gje auke i inntekter.

Nabokommunar har etterspurt leigeplass, men ut frå sjukepleiemangelen, har me ikkje kunna tilby plassar førebels.

Refusjon frå staten som er lagt inn kr 85 000 er avvikla frå i år. Dette vart informert etter at budsjett var utarbeidd.

Det har vore utgifter i høve investering i utstyr til Velferdsteknologi i kommunen, noko som me vil dra nytte av som investering i framtid.

### **Prognose:**

<b>Rekneskap pr 31. august</b>	<b>Budsjett Heilår</b>	<b>Prognose Heilår</b>
13 909 007	16 272 726	18 847 000

Det har vore meirutgift knytt til innleige av sjukepleievikar frå vikarbyrå i rammeavtale og privat byrå i sommar grunna 2 ledige sjukepleiestillingar. Det har vore utlyst i år utan å få søkjarar.

Det har vore meirutgift knytt til innleige av ekstra personale ettermiddag/kveld ut frå auke i heimebaserte teneseter frå medio juni månad.

Innan heimebaserte tenester må Modalen kommune må dekke høgare utgift enn det som er lagt inn i budsjett for 2020, dette knyt seg til koronapandemi. (Om lag kr 1.million er lagt inn i prognose) Kan verte meir kostnad her.

Ekstra utgifter i høve koronapandemi- utstyr og forbruksmateriell.

Kostnad i investering i utstyr Velferdsteknologi. Vil og gje auke i lisensar, opplæring personell.

Det vil verte prøvd å få til utleige av institusjonsplass til nabokommunar om drifta tillet det.

Tek høgde for redusert inntak av personale på helg/høgtidsdagar og bruk av overtid.

Det vil verte redusert inntak av vikarar dersom drifta tillet det.

Rekrutteringsplan for utlysing av sjukepleiestillingar til drifta snarast.

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile området Pleie og omsorg så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.



### Sjkefråvær:

Fråværsprosenten pr 30. 6 er 12,3 %. Største del gjeld langtidsfråvær fram til medio juni. Noko korttidsfråvær i mars og august ut frå Koronatesting ved forkjøling, med påfølgjande karantene til prøvesvar har forelagt. Truleg vil dette kunne auke utover ut frå luftvegsinfeksjon i løpet av haust-/vinterhalvår.

Rapport frå 01.05 -31.08.20, viser 6,3 % fråvær, då det har vore lite fråvær frå april- august.

Det har vore månadlege møter med HTV og verneombod i tenesta.

Mogleg årsak: Gode hygieniske tiltak i høve koronapandemi, og lite reising av personale i ferien! Personale kjenner ansvar og har teke ansvar under pandemien i drifta.

## Kommunelege

### Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. august	Heilår	i %
3 664 848	6 177 363	59,3 %

### Status/utfordringar/kort om drifta:

Det er tilsett psykolog som vil auke lønsutgiftene noko. Det er òg tilsett vikar når kommunelegen skal ha permisjon med løn 1 månad i haust. Dette vil auke lønsutgiftene i haust.

Me ventar inntekter om lag i tråd med budsjett resten av året.

Der har vore ein del ekstra utgifter til utstyr i samband med korona-pandemi.

Budsjett er justert i høve dette, og me forventar å halde oss innafor noverande årsbudsjett.

### Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. august	Heilår	Heilår
3 664 848	6 177 363	5 787 000

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

### **Sjuefråvær:**

9,4 % pr 2. kvartal for vår eining. Det er få tilsette, og ein sjukmeld gir store utslag på statistikk. Her er ikkje langtidsfråvær, kun under 40 dagar. Naturleg sjukefråvær, og det er ikkje sett i verk spesielle tiltak.

## **Teknisk etat – budsjettområde Tekniske tenester**

### **Rekneskapsstatus pr 31. august**

<b>Rekneskap pr 31. august</b>	<b>Budsjett Heilår</b>	<b>Forbruk i %</b>
9 611 136	15 591 275	61,6 %

### **Status/utfordringar/kort om drifta:**

Budsjettområdet ligg på 61,6 % i forbruk dei fyrste 8 mnd av 2020. Det har vore auka utgifter på reparasjon av klastebil og anna vedlikehald. Det vil framover kunne bli auka utgift på fleire av kommunen sine bygningar som byrjar å eldast. Det har vore behov for innkjøp av to nye grasklipparar til uteseksjonen i år. Reparasjoner i Bryggjeslottet har det òg vore behov for, sjølv om mykje vart tatt i 2019. Auka lønskostnader og innkjøp i samband med flytting av administrasjonen, samt koronasituasjonen har bidratt til at utgiftene har auka.

Inntekt ligg noko lågt. Noko av årsaken er at kommunale årsgebyr ikkje er fakturert enno for andre halvår i 2020. Det er noko uteståande refusjonar fra staten som vil komme inn mot slutten av året. Husleigeinntekt ligg no betre an enn 1. tertial . Nesten alle dei kommunale bustadane er utleigd, berre ein står ledig. Dette vil auke husleigeinntekta på slutten av året. Me vil òg få ei ny inntekt på den nye brannstasjonen på om lag kr 60 000.

Reinhold ligg på 64 % i forbruk dei første 8 mnd av 2020. Det har vore auka utgift pga koronautbrotet, innkjøp av utstyr, m.a. moppemaskin og auka utgift i form av bilgodtgjering. Aktiviteten på reinhold har vore stor. Det har vore mykje å forhalde seg til i denne spesielle tida, samt reinhold på ny brannstasjon, som er ei utviding av reinholdsarbeidet. Auka inntekt på sjukelønsrefusjon.

## Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. august	Heilår	Heilår
9 611 136	15 591 275	15 291 000

På teneste 2610 Modalstunet har det nyleg vore vannlekkasje i veggen på eit av baderomma. Badet må rehabiliteres og vannrør må skiftas ut. Dette arbeidet er nettopp starta.

På teneste 3320 kommunale veger kan det bli brøyteutgifter som er høgere enn budsjettert.

Det vert lagt til grunn å redusere innkjøp innan heile området til Teknisk etat så mykje som mogleg resten av året for å redusere meirutgifta. Prognosen tek høgde for slike tiltak.

Redusert pensjonspremie i tråd med oversyn frå KLP vert rekneskapsført og gjev rekneskapsmessig effekt på slutten av året. Dette er teke høgde for i prognosen.

## Sjukefråvær:

Sjukefråvær pr 2. kvartal: 11,2 %.

Sjukefråværet innan dei ordinære tekniske tenestene ligg på 8,7 %. Fråværet er høgt, men 2. kvartal er lågare enn 1. tertial. Det er som oftast korttidsfråvær.

Sjukefråværet innan reinhald ligg på 14,7 %. Det er både langtidsfravær og korttidsfråvær. Arbeidet er tungt og fleire slit med slitasje. Tiltak / fokus på kommunikasjon, tilrettelegging ved innkjøp av maskiner som kan lette arbeidet og større fokus på innarbeiding av rutiner på arbeidsplassen.

Sjukefråværet på teknisk etat har gått ned sidan 1. kvartal. På sommarhalvåret ser me ofte at sjukefråværet går ned. Mens koronasituasjonen kan være ein årsak til at tilsette held seg lettere heime , t.d ved forkjøling.

## **Sentrale postar:**

### **Rammetilskot**

Årsbudsjett kr 23 200 000.

Prognose kr 24 900 000.

Basert på siste oppdaterte prognosemodell for skatt og rammetilskot frå KS, som bygger på oppdaterte tal og føresetnader gjeve i samband med statsbudsjettet, samt at me ventar meir kompensasjon knytt til Koronautgift, er det venta samla inntekt på kr 24 900 000. Det vil gje ei meirinntekt på kr 1,7 millionar, som i hovudsak knyt seg til kompensasjon for Korona-utgift.

### **Inntekts- og formuesskatt**

Årsbudsjett kr 9 000 000.

Prognose kr 9 300 000.

Basert på siste oppdaterte prognosemodell for skatt og rammetilskot frå KS, som bygger på oppdaterte tal og føresetnader gjeve i samband med statsbudsjettet for 2021, er det venta samla inntekt på kr 9 300 000. Vurderingane er gjort på basis av utviklinga til no i år for skatteinngangen, med vurderingar knytt til negativ verknad utover i året knytt til Korona-situasjonen. Det må bemerka at konsekvensane knytt til Korona for heile året er svært usikre.

### **Eigedomsskatt**

Årsbudsjett kr 22 100 000

Endeleg inntekt 2020 er kr 22 368 000. Meirinntekt kr 268 000.

### **Andre generelle driftsinntekter**

Årsbudsjett kr 22 423 000

Denne budsjettposten er sett saman slik:

Tilskot frå staten      kr 723 000

Naturressursskatt      kr 16 100 000

Konsesjonsavgift      kr 5 600 00

Prognose: kr 22 376 000

## **Sentrale postar i løyvingsoversynet**

Linja Sentrale postar i løyvingsoversynet omfattar mva-kompensasjon, premieavvik/pensjon, tapsavsetjing og bankgebyr

Samla budsjett for desse postane er netto inntekt på kr 5 807 000.

Prognosen på desse postane er netto inntekt på kr 3 841 000. Mindreinntekt kr 1 966 000.

Hovudårsaka til nedgangen i inntekt er redusert premieavviksinntekt knytt til pensjon. Basert på siste oversyn frå KLP, vil premiebetalinga verte mykje lågare enn budsjettert. Dette heng saman med lågare vente lønsvekst, samt høg avkastning frå KLP som vil dekke delar av premiebetalinga i 2020. Lågare premie gjev lågare utgift i avdelingane sine rekneskap, men gjev òg lågare premieavviksinntekt på Sentrale postar.

Det er samla lagt til grunn kr 2,5 millionar på i reduksjon på pensjonspremie på avdelingane. Dette vil avlaste budsjettsituasjonen for alle avdelingane i høve til stoda pr 31.8, og er teke med i vurderingane knytt til årsprognose for dei einskilde avdelingane.

## **Renteutgift**

Årsbudsjett kr 600 200.

Prognose kr 450 000.

Rentenivået har gått kraftig ned i samband med Korora-pandemien. Dette påverkar renteutgifta positivt. Låneopptak til nybygg vart gjort i august med kr 17 400 000. Dette medfører auka renteutgift mot slutten av året sjølv om rentenivået er lågt. Me har stipulert renteutgift til kr 450 000, og vil då ha ei mindreutgift på kr 150 200.

## **Renteinntekt**

Årsbudsjett kr 471 300

Prognose kr 430 000.

Rentenivået gjev negativ verknad for rente/avkastning på midlane våre. Me har midlar i bank og pengemarknadsfond med låg risiko og låg rente. Me har stipulert ei samla renteinntekt på kr 430 000, og med det ei mindreinntekt på kr 41 300. På renteinntektssida får me ein positiv effekt på slutten av året, då låneopptaket gjev auka innskot som medfører auka renteinntekt.

## Avsetjing til fond

Det er budsjettert med kr 1 739 171 som avsetjing til generelt disposisjonsfond I 2020. Dette inngår i nettobeløpet på linja Netto avs til/bruk av disposisjonsfond i Løyvingsoversyn – drift. Restavvik etter justeringar vert tilrådd saldert mot denne posten, som då vert redusert med kr 611 024.

## Småinvesteringar

	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	Status/kommentar:
VA-plan (småinv)	111 634	700 000	Under arbeid – held fram i 2021.
Senger/utstyr Modalstunet	98 670	170 000	Pågår.
Vøling av nordfasaden på skulemuseet	-	120 000	Under arbeid.
<b>Sum småinvesteringar</b>	<b>158 404</b>	<b>990 000</b>	

**NB:** Tala i denne tabellen er pr oktober, og ikkje pr 31.8

Utgiftene til VA-plan vert forskyvd til 2021, og det vert lagt til grunn at ein innsparing i driftsbudsjettet for 2020 på kr 500 000.

## Investeringar

	Regnskap	Justert budsj	Status/kommentar
	2020	2020	
Tilrettelegging for bustadareal	23 085		Oppmåling av bustadområde på Helland
Nærings- og tenestesenter	2 161 967	20 000 000	Pågår. Går etter fremdriftsplanen
Oppgradering brannstasjon	9 315 022	10 160 000	Ferdig - noko gjenstår i rekneskapen
Oppgradering flytebyggja, Mobryggja	-	200 000	Ferdig
Oppgradering komm.bygg	-	300 000	Oppgradering av vegg på Mo skule - pågår
Nytt dekke tennisbana Øvre Helland	521 732	580 000	Ferdig
Nytt dekke ballbingen Mo skule	225 453	270 000	Ferdig
VA-tiltak av investeringsmessig karakter	37 730	400 000	Ferdig renseanlegg - noko gjenstår i rekneskapen
Uføresette investeringar	155 475	200 000	Tilbakekjøpt tomt på Mo
Ny bil til Modalstunet og barnehagen	-	800 000	Påbegynt
Nye markiser Mo skule	-	250 000	Under arbeid
Tørketrommel Modalstunet	-	130 000	Under arbeid
Leikeapparat barnehagen	67 431	120 000	Ferdig
EL-anlegg industribygget, Hall B	253 120	300 000	Ferdig
VA-anlegg. Sprinkling Mo	47 500	-	Under arbeid - ute på anbud
<b>TOTALT</b>	<b>12 808 515</b>	<b>33 710 000</b>	

## Finans

Oversyn som syner plasseringar og vilkår når det gjeld likviditeten til kommunen som er plassert i bankkonti og pengemarknadsfond:

<b>Likviditet:</b>				
	Rente	Balansekonto:	31.08.2020	30.04.2020
<b>Bankinnskot:</b>				
Østre Agder sparebank	1,00 %	21020012	2 028 956	2 028 956
Stadsbygd sparebank			0	0
Soknedal sparebank			0	2 314 257
Modum sparebank			0	2 044 705
Arendal og omegns sparekasse			0	2 510 800
Skagerrak sparebank	0,70 %	21020017	5 952 423	2 052 423
DnB	0,00 %	21020011	6 456	318 859
Sp 1 SMN			0	0
Sp Vest (fleire konti)	0,23 %	21020001-0009	9 656 110	12 734 641
Kasse		21000001	18 923	17 522
Skattetrekkskonto	0,50 %	21090801	2 182 333	2 166 099
Legatkonto	0,50 %	21020006	252 076	252 076
<b>Sum kasse, bankinnskot</b>			<b>20 097 276</b>	<b>26 440 338</b>
<b>Pengemarknadsfond:</b>	<b>Årsavkastning:</b>			
Pluss likviditet				
Pluss kort likviditet	1,09 %		14 649 173	10 486 662
		<b>Totalt</b>	<b>34 746 449</b>	<b>36 927 000</b>

**Kommentar:**

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha innestående i ein bank til kr 15 millionar.

Renta har gått kraftig ned, og det er venta lågt rentenivå framover.

**Oversyn over lånegjelda til kommunen, samt rentevilkår:**

<b>Gjeld:</b>			<b>31.08.2020</b>	<b>Saldo 30.04.20</b>
<b>Kommunalbanken 20200345</b>			17 400 000	
Flytande Nibortilknytt rente (3mNibor + 0,6 %)			0,83 %	
<b>Kommunalbanken 20060606</b>			14 576 650	14 576 650
Flytande pt-rente siste endring			1,00 %	1,00 %
<b>Kommunalbanken 20050816</b>			358 780	370 350
Flytande pt-rente siste endring			1,00 %	1,00 %
<b>Husbanken - formidlingslån</b>			9 096 376	9 178 430
Lånerente siste endring			1,56 %	2,01 %

	<b>31.08.2020</b>
<b>3 M Nibor:</b>	0,23 %

**Kommentar:**

Det er teke opp formidlingslån frå Husbanken i 2020, kr 1 500 000, samt investeringslån i Kommunalbanken kr 17 400 000.

Gjelda til Modalen kommune er ikkje høg i høve til kommunen si evne til å betale renter og avdrag

Renta har gått kraftig ned, og det er venta lågt rentenivå framover.

Modalen kommune betalar avdrag over minimumskrava som Kommunelova set.

**Langsiktige finansielle aktiva:**

Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.

## Sjukefråvær

Me viser til kommentarar knytt til sjukefråvær under avsnitta til dei ein skilde avdelingane.

Samla sjukefråvær pr utgangen av 2. kvartal (januar-juni) var 10,3 %, mot 14,7 % ved utgangen av 1. kvartal. Korona-situasjonen påverkar sjukefråværet, då terskelen for å bli heime er mykje lågare enn til vanleg, og fører såleis til høgare sjukefråvær. Basert på tilbakemeldingane meiner rådmannen det vert jobba godt med oppfølging av sjukmeldte, samt førebygging.



## Konklusjon

Rådmannen tilrår at rapporten vert teken til orientering, samt at løyvingane vert justert i tråd med nye prognosar/målsetjingar for dei ulike budsjettområda, slik at samla budsjett vert i balanse, i tråd med oppsettet under:

**Tabell: Budsjettjustering drift 2020**

Løyvingsoversyn - drift	Budsjett	Justert budsj	Justering
	2020	2020	2020
Rammetilskudd	23 200 000	24 900 000	1 700 000
Inntekts- og formueskatt	9 000 000	9 300 000	300 000
Eiendomsskatt	22 100 000	22 368 000	268 000
Andre generelle driftsinntekter	22 423 000	22 376 000	-47 000
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>76 723 000</b>	<b>78 944 000</b>	<b>2 221 000</b>
Sum løyving drift, netto	71 886 076	74 947 000	3 060 924
Avskrivninger	6 625 600	6 131 000	-494 600
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>78 511 676</b>	<b>81 078 000</b>	<b>2 566 324</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-2 134 000</b>	<b>-345 324</b>
Renteinntekter	271 300	300 000	28 700
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	200 000	130 000	-70 000
Renteutgifter	600 200	450 000	-150 200
Avdrag på lån	1 000 000	880 000	-120 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-900 000</b>	<b>228 900</b>
Motpost avskrivninger	6 625 600	6 131 000	-494 600
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 708 024</b>	<b>3 097 000</b>	<b>-611 024</b>
<b>Disp/dekning av netto driftsres.</b>			
Netto avs til/bruk av bundne driftsfond	431 800	431 800	0
Netto avs til/bruk av disposisjonsfond	-4 139 824	-3 528 800	611 024
Dekning av tidligere års merforbruk	0		
Bruk av tidlegare års mindreforbruk			
<b>Sum disp/dekn av netto driftsres.</b>	<b>-3 708 024</b>	<b>-3 097 000</b>	<b>611 024</b>
Fremført til inndeck senere år (merforbr)	0		
<b>Rest/Meir-/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	Budsjett	Justert budsj	Justering
Rådmann/sentraladm	14 665 624	15 755 548	1 089 924
Næring	3 265 647	3 265 647	0
Kultur	2 573 888	2 018 888	-555 000
Sosial og barnevern	1 370 400	1 290 400	-80 000
Skule	11 852 337	11 532 337	-320 000
Barnehage	4 933 816	4 508 816	-425 000
Pleie og omsorg	16 272 726	18 847 726	2 575 000
Kommunelege	6 177 363	5 787 363	-390 000
Teknisk etat	15 591 275	15 291 275	-300 000
Småinvesteringar	990 000	490 000	-500 000
Sentrale postar	-5 807 000	-3 841 000	1 966 000
<b>Sum løyving drift, netto</b>	<b>71 886 076</b>	<b>74 947 076</b>	<b>3 060 924</b>

### **Formannskapet - 037/2020**

#### **FOR - behandling:**

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om saka og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

**Rapport om økonomistoda vert teken til orientering.**

**Løyvingane i driftsbudsjettet for 2020 vert justert i tråd med tabellen i saksframlegget:  
Budsjettjustering drift 2020**